



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

200701245-16
A-312

Sakshandsamar, tlf
Annlaug Meland –
E-post
aml@fmsf.no

Vår dato
08.12.2008
Dykkar dato
26.08.2008

Vår referanse
2008/4358 – 431 A
Dykkar referanse
NVE 200701245-6 ktv/tdp

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Søknad om nedlegging av reguleringa av Seltuftvatnet - høyringfråsegn

Me viser til brev frå NVE datert 26.08.08.

Fylkesmannen meiner at senking av Seltuftvatnet med 0,2 m er i strid med allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Fylkesmannen meiner det ikkje er naudsynt med senking og ynskjer at Jernbaneverket grunnir ei eventuell senking av vasstanden i Seltuftvatnet betre for eventuelt å vise at fordelane er større enn ulempene. Elles har ikkje Fylkesmannen merknader til nedlegging av reguleringa i Seltuftvatnet.

Bakgrunn

Jernbaneverket ynskjer å leggje ned reguleringa i Seltuftvatnet. Nedlegginga omfattar riving av gamal steinkistebotn, bygging av ny terskel og igjenstøyping av tappetunnel. Vasstanden vil så senkast med ca 0,2 m i forhold til HRV. Etter at Seltuftvatnet vart regulert i 1952 har vatnet sjeldan vore nedtappa, og vasstanden har lege ved HRV meir og mindre permanent. Ved å senke vasstanden med 0,2 m i forhold til HRV meiner Jernbaneverket at flaumkapasiteten vil verte større for vatnet.

Flåmsvassdraget som Seltuftvatnet er ein del av, vart verna i Verneplan III for vassdrag, og er eit av dei få større vassdraga i indre Sogn som ikkje er sterkt påverka av vasskraftutbygging. Seltuftvatnet ligg mellom Klevavatnet og Reinungavatnet som og er regulerte. Vatnet ligg i fjellbjørkebeltet. Aust for vatnet ligg eit viktig naturområde (Klevagjelet). Området er kalkrikt og har særleg rik og interessant fjellflora. Elles er det ikkje registrert andre naturområde eller spesielle observasjonar av planter eller dyr. På sørsida av Seltuftvatnet ligg den kjende Rallarvegen. Den er i registeret av friluftsområde i Sogn og Fjordane (FRIDA) sett som nasjonalt viktig og har svært høg prioritet. Heile 20 000 turistar sykklar denne strekninga forbi Seltuftvatnet kvart år. Området rundt vatnet er mykje nytta som stopp på vegen, og det er gode moglegheiter for telting, fiske og bading. Rallarvegen er som oftast heilt open i slutten av juni, før dette ligg det ofte snø i vegen. I den søraustleg enden av vatnet ligg det også ein kafé som er open om sommaren. Det ligg nokre hytter ved vatnet.

Det er bestand av røye og aure i vatnet, og i 1999 var bestandane tette i vatnet (jf. Upubl. NVE dokument 1999: Verneverdier og brukerinteresser i Flåmsvassdraget). Etter kva me har fått opplyst munnleg har bestanden av røye vore småfallen og aurebestanden redusert etter at røye vart etablert i Seltuftvatnet. No skal bestanden av aure ha tatt seg opp igjen, og kvaliteten er tilfredstillande.

Fylkesmannen er positiv til nedlegging av reguleringa i Seltuftvatnet. Me legg vekt på at dette skal gjerast på ein skånsam måte slik at det ikkje får negative verknader for allmenne interesser (jf. § 8 i vassressurslova), lokale bestandar av fisk (lakse- og innlandsfiskelova) og at det ikkje fører til unødig ureining (ureiningslova). NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Vurdering

Jernbaneanlegget ynskjer å senke vasstanden i Seltuftvatnet med 20 cm. Fylkesmannen er usikker på kva som var vasstanden før reguleringa, men mykje truleg var denne noko under HRV. Ein senking av vasstanden med 20 cm er lite, men det vil likevel bli synleg i terrenget. Det vil etter kvart vekse til i denne sona om vasstanden får liggje ved dette nivået. Det er ikkje opplyst om kvifor det er ynskje om akkurat 20 cm. Jernbaneanlegget argumenterer nedtappinga med at Rallarvegen er flaumutsett. Flaumperiodar er vanlegast om våren eller tidleg sommar i fjellet, og på denne tida vert ikkje Rallarvegen nytta og kafeen er ikkje open. Det vert opplyst at det har stått opp til 1 meter med vatn i Rallarvegen under ein flaum. Å senke vatnet med 20 cm, hjelper truleg lite i slike situasjonar. Det vert også opplyst at "for øvrig er det ikke kjent at høy flomvannstand påvirker områder rundt vannet på en negativ måte". Slik Fylkesmannen har forstått er det sjeldan at det er noko problem med at vatnet ligg over vegen i sesongen då syklistane passerar. Difor ser ikkje Fylkesmannen heilt kvifor det er nødvendig med ein senking av vasstanden grunna flaumsituasjonen.

I søre delar av Seltuftvatnet i Bolledalen ligg ei stor nesten lukka bukt som er ganske grunn. Denne bukta vert mykje nytta av turistar til blant anna bading. Bukta kan også moglegvis vere viktig oppvekstområde for fisk både for aure og røye i vatnet, også nemnt i brev til NVE frå Jon Fretheim (26.11.2008). Ved ei senking av vasstanden vil dette verte særskjemmande sidan bukta er grunn, og oppvekstområdet for fisk vert mindre.


Seltuftvatnet ligg mellom to regulerte vatn der vatnet frå Klevavatnet vert slept gjennom Seltuftvatnet før det går i Kjosfoss kraftverk. Difor vil Seltuftvatnet etter at reguleringa er nedlagt, likevel verte til dels påverka av reguleringa i høgare liggande vatn. Om ein til dømes held igjen vatnet i Klevavatnet grunna lite nedbør, vil vasstanden i Seltuftvatnet reduserast. Difor er det ynskjeleg at det vert teke omsyn til Seltuftvatnet ved reguleringsregimet i Klevavatnet. Det bør såleis ikkje førekoma bråe endringar vassføringa i tilløpselva til Seltuftvatnet, og heller ikkje til dømes tilslamming (jf. Brev til NVE frå Jon Fretheim 26.11.2008) grunna anleggsarbeid.

Tappetunnelen i den vestlege enden av vatnet skal i fylgje planane støypast att. Me er i tvil om utløpet då kan klare å sleppe gjennom nok vatn når store mengder vatn vert slept ned frå Klevavatnet på ein gong. Fylkesmannen ber NVE om å vurdere dette noko nærmare.

Fylkesmannen oppmodar om at nedlegginga av reguleringa skjer på ein skånsam måte, der inngrepa vert minst mogleg. Dette gjeld særleg fjerninga av steinkistedammen, ei eventuell igjenstøypinga av tappetunnelen og bygginga av ny terskel. Når arbeidet er ferdig bør det sjå mest mogleg naturleg ut i utløpet og det skal vere minst mogleg synleg at det har vore eit inngrep i utløpet.

Fylkesmannen meiner at senking av Seltuftvatnet med 0,2 m er i strid med allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Fylkesmannen meiner det ikkje er naudsynt med senking og ynskjer at Jernbaneverket grunngir ei eventuell senking av vasstanden i Seltuftvatnet betre for eventuelt å vise at fordelane er større enn ulempene. Elles har ikkje Fylkesmannen merknader til nedlegging av reguleringa i Seltuftvatnet.

Med helsing



Eli Mundhjelde
overingeniør



Annlaug Meland
førstekonsulent

Kopi pr. e-post:

Aurland kommune
Anders Fretheim (grunneigar)
Jon Fretheim (hytteeigar v/ Seltuftvatnet)
Naturvernutvalget, Sogn og Fjordane Turlag v/ Alvar Melvær